

Årsstudium i filosofi (ÅRHF-FILO)

GODKJENT



Studienivå: Årsstudium (180)



Sted: 184.11.62.00 Institutt for filosofi og førstesemesterstudium

Omfang og studiepoeng

Nynorsk

| 60 studiepoeng.

Fulltid/deltid

Nynorsk

Undervisningsspråk

Nynorsk

| Norsk og engelsk.

Studiestart - semester

Nynorsk

| Haust og vår.

Mål og innhald

Nynorsk

Filosofien har ein lang tradisjon og mange sentrale berøringspunkt med andre vitenskapar, samstundes som den og tek opp meir allmenne spørsmål som til dømes tilhøvet mellom vitenskap, teknologi og kultur, tru og viten, språket og verda, individ og samfunn, makt og legitimitet osv. Det er eit særskild kjenneteikn ved filosofi som fag at god innsikt i dets eige historie er ein sentral del av faget sjølv. Gjennom arbeid med grunnleggjande filosofiske problemstillingar like frå antikken til vår ega tid vil studentane få forståing av filosofien sin eigenart, med tema frå både teoretisk filosofi (kunnskapsteori, metafysikk, vitenskapsfilosofi med meir) og praktisk filosofi (etikk, politisk filosofi, estetikk med meir).

Årsstudiet er særleg retta mot lærarar i den vidaregåande skulen som skal undervise i faget "Historie og filosofi" og mot lærarstudentar som ynskjer eit år med filosofi i utdanninga si.

Studiet vil og høve godt for dei som ynskjer ei innføring i filosofi, men som ikkje er interessert i å ta ein full bachelorgrad.

Studenten vil få trening i å lese og fortolke filosofiske originaltekstar. Samstundes står oppøving av skriftleg og munnleg formidling sentralt.

Årsstudium i filosofi gjev grunnlag for opptak til praktisk pedagogisk utdanning - PPU.

Læringsutbyte

Nynorsk

Kunnskap:

Ein student med fullført årsstudium i filosofi skal ha

- oversikt over og innsikt i sentrale klassiske filosofiske originaltekstar frå antikken til våre dagar
- forståing for filosofien sin eigenart og for den rolla filosofihistoria spelar i filosofien
- oversikt over sentrale filosofar og problemstillingar i samtidsfilosofien
- grunnleggjande kjennskap til formal logikk

Dugleik:

Ein student med fullført årsstudium i filosofi skal kunne

- løyse ei gjeven problemstilling på ein sjølvstendig måte innan ein avgrensa periode
- raskt trekkje ut relevant stoff frå ei større mengd litteratur for å handsame gjevne oppgåver
- lese og fortolke filosofiske originaltekstar som går utover pensum samt kunne seg i relevant sekundærlitteratur
- formidle avgrensa filosofiske problemstillingar både skriftleg og munnleg

Kompetanse:

- Årsstudiet i filosofi gir erfaring med kritisk analyse og drøfting av komplekse problem, ofte på høgt abstraksjonsnivå. Dette ein kompetanse som er nyttig f.eks. i utgreingsarbeid innanfor offentleg og privat administrasjon, næringsliv og organisasjonar.
- I kombinasjon med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) kvalifiserer årsstudiet for undervisning i filosofi i ungdomsskule eller videregående skole.

Opptakskrav

Nynorsk

| Generell studiekompetanse

Tilrådde forkunnskapar

Nynorsk

| Examen Philosophicum

Obligatoriske emne

Nynorsk

Årsstudiet i filosofi har eit omfang på 60 studiepoeng (1 år). ~~40 av studiepoenga er følgjande obligatoriske emne:~~

- ~~FIL120~~ Examen Philosophicum eller valfritt emne i filosofi på 100- eller 200-nivå
- FIL130 (Moral og det gode liv - 10stp.)
- FIL131 (Filosofihistoria frå antikken til opplysningstida ~~opplysingstida~~ opplysningstida - 10stp.)
- ~~FIL124 (Introduksjon til praktisk filosofi)~~ FIL134 (Kunnskap og språk - 10stp.)
- ~~FIL128 (Innføring i etikk - 10stp.)~~
- LOG110 (Introduksjon til formallogikk - 5stp.)
- LOG112 (Introduksjon til filosofisk logikk - 5stp.)

Valfritt emne i filosofi på 100- eller 200-nivå

Dei ~~20~~ valfrie studiepoenga i årsstudiet kan veljast frå følgjande emne:

- FIL106 (Innføring i miljøetikk - 10stp.)
- FIL107 (Innføring i politisk idéhistorie - 10stp.)
- FIL116 (Innføring i moderne politisk teori - 10stp.)
- FIL121 (Filosofihistoria frå opplysningstida til 1900-talet - 10stp.)
- FIL125 (Introduksjon til teoretisk filosofi - 10stp.)
- FIL129 (Filosofiske klassikarar - 10stp.)
- FIL217 (Wittgensteinstudiar - 10stp.)
- FIL218 (Estetikk - 10stp.)
- FIL219 (Vitskapsfilosofi - 10stp.)
- FIL220 (Metafysikk - 10stp.)
- FIL228 (Tema i moralfilosofi - 10stp.)
- ~~FIL231 (Ope emne - 10stp.)~~
- FIL233 (Filosofien i antikken - 10stp.)
- FIL235 (Tema i sinnfilosofi - 10stp.)
- FIL236 (Tema i miljøetikk - 10stp.)
- FIL241 (Rettsfilosofi - 10stp.)
- FIL245 (Språkfilosofi - 10stp.)
- FIL246 (Kontinental filosofi - 10stp.)
- FIL247 (Epistemologi - 10stp.)
- FIL249 (Politisk filosofi - 10stp.)
- LOG111 (Deduksjon og metalogikk - 10stp.)

Tilrådde valemne

Nynorsk

Rekkefølge for emne i studiet

Nynorsk

Ein kan byrje på årsstudiet i både haust- og vårsemester. Anbefalt progresjon i studiet:

- Vår: ~~FIL120~~, FIL131, LOG110 og LOG112 og valfritt emne på 100/200-nivå i filosofi
- Haust: ~~FIL124~~, ~~FIL128~~ FIL130, ex.phil. og valfritt emne på 100/200-nivå i filosofi

Delstudium i utlandet

Nynorsk

Arbeids- og undervisningsformer

Nynorsk

Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesingar, seminar, individuell rettleiing og grupperettleiing. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.

Vurderingsformer

Nynorsk

Gjennom programmet blir studentane prøvd på ulike måtar, eksempelvis ved skuleeksamen, heimeeksamen, rettleia oppgåve og munnleg prøve. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.

Karakterskala

Nynorsk

Grunnlag for vidare studium

Nynorsk

Årsstudiet tilsvare den obligatoriske delen av spesialiseringa i en bachelorgrad i filosofi.

Relevans for arbeidsliv

Nynorsk

Årsstudiet i filosofi gjev gode allmennkunnskapar som kan nyttast i ei rekkje yrke. Programmet er særskild retta mot lærarar i faget "Historie og filosofi" i den vidaregåande skulen, men i kombinasjon med eit eller fleire andre sentrale skulefag, vil ein og kunne gå inn som undervisar på ulike trinn i skuleverket. Meir generelt gjer programmet deg skikka til å analysere og tolke tekstar og dokument. Du blir øvd opp til å argumentere og til å gje munnlege og skriftlege presentasjonar der du ser ei sak frå fleire sider.

Evaluering

Nynorsk

Spesialiseringa og dei einskilde emna vert evaluerte med jamne mellomrom.

Programansvarleg

Nynorsk

Institutt for filosofi og førstesemesterstudiar

Administrativt ansvarleg

Nynorsk

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

Kontaktinformasjon

Nynorsk